



## MØTEBOK

|                 |                                 |
|-----------------|---------------------------------|
| <b>Organ</b>    | <b>Hovudutval for opplæring</b> |
| <b>Møtestad</b> | <b>Eid vgs, Nordfjordeid</b>    |
| <b>Møtedato</b> | <b>15.02.2018</b>               |
| <b>Kl.</b>      | <b>10:00-15:00</b>              |

**Faste medlemmer til stades:**

**Alfred Bjørlo (V)**  
**Henrik Oppen (Ap)**  
**Senea Sabanovic (Ap)**  
**Karianne Torvanger (Ap)**  
**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)**  
**Sonja Merethe Øvre-Flo (H)**

**Forfall til møtet:**

**Ole Johnny Stubhaug (Sp)**  
**Anders Ryssdal (Sp)**  
**Trude Brosvik (KrF)**

**Varamedlemmer til stades:**

Ingen av vararepr. hadde høve til å møta

**Til stades med møte- og talerett:**

**Ass. Fylkesdirektør Tor-Einar H. Skinlo**  
**Fylkeshovudtillitsvald Jasmin Eminovic**

**Sekretariat for møtet:**

**Merete Husabø Nornes og Sandra Holen Årevik**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Hovudutvalet for opplæring valde møteleiar og Henrik Oppen til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

**Munnlege orienteringar:**

Besøk ved Eid vidaregåande skule

Innleiing ved rektor Ove Bjørlo.

Møte med leiing og tillitsvalde.

*Tema 1: Gjennomføring og formidling.*

- Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?

*Tema 2: Den lokale samfunnsrollen.*

- Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?
- Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

Møte med elevrådet.

- Kva saker arbeider elevrådet med?

*Tema 1: Trivsel*

- Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

*Tema 2: Mestring*

- Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?
- Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

I tillegg til orienteringane frå skulen var det omvising på skulen.

Auka gjennomføring

Fylkesdirektøren orienterte om status på forskingsprosjektet «auka gjennomføring». Vedlagt følgjer pressemelding om resultatane så langt.

Ass. fylkesdirektør informerte om status om ein ev. avtale ang. søking til vidaregåande opplæring over fylkesgrensene.

Hovudutvalet ber leiara ta kontakt med utvalsleiar i Møre og Romsdal fylkeskommune for å avklare status i saka.

Hovudutvalet for opplæring støtta seg til fylkesdirektøren sitt framlegg om at HO-møte den 29. august vert flytta til den 28. august pga. møtekollisjon.

Hovudutvalet for opplæring vedtok å sende inn merknad om fråværsreglementet og køyreopplæring til Kunnskapsdepartementet. Fylkesdirektøren får i oppdrag å forfatte eit utkast til ein slik merknad.

**SAK 1/18      Skriv og meldingar HO 15.02.18.**

**VEDTAK:**

- 1: Lærekandidatordninga
- 2: Rapport frå fylkesdirektøren for opplæring sine dialogmøte med PP-tenesta for vidaregåande opplæring
- 3: Skulebesøk 2017
- 4: Orientering om endring av rutinar for inntak til YSK-tilbod i Sogn og Fjordane fylkeskommune  
4a: Inntaksrutinar for YSK Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 5: Fråværsføring i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune  
5a: Elev - Fråværsgrense og -rutine
- 6: Innvilging av forsøk- programmering valgfag  
6a: Svar - Invitasjon til deltakelse i forsøk med valgfritt programfag Programmering og modellering X
- 7: Ny og særskild eksamen
- 8: P62 Jobbsjansen, del B 2018 – Grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom – Sogn og Fjordane fylkeskommune  
8a: Søknadsskjema  
8b: Vedlegg til søknad om Jobbsjansemidler, del B
- 9: Invitasjon til temadag om fag- og yrkesopplæring -2018
- 10: Fagdag Ungdata

-----

**SAK 2/18      Handlingsprogram for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2019, «Mot nye høgder»**

**VEDTAK:**

1. Handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2018-2019 vert vedteke slik det går fram av vedlegg 1 til saksutgreiinga
2. Tiltaka i handlingsprogrammet vert finansiert slik:
  - a. Drift og finansiering av satsing1, kvalitetsutviklingsgrupper på dei vidaregåande skulane, vil fylkesdirektøren kome tilbake til i eiga sak i hovudutval for opplæring sitt møte i april.

- b. Satsing 2, 4 og 5, skulevurdering, samfunnskontrakten og auka kompetanse på faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder vert finansiert over avsett løyvinga på 0.8 mill. kroner.
- c. Satsing 3, Psykososialt læringsmiljø for elevar og lærlingar, er tenkt finansiert gjennom ny tilskotsordning «Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane» (søknad sendt). Dersom søknaden ikkje vert støtta må fylkesdirektøren kome attende til finansiering.

---

**SAK 3/18      Fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane fylkeskommune -  
dei vidaregåande skulane si rolle**

**VEDTAK:**

1. Dei vidaregåande skulane kan ta initiativ til eller bidra til å utvikle fagskuletilbod, innanfor rammene av denne saka.
2. Søknad om godkjenning og eventuell etablering og drift av nye fagskuletilbod utvikla av eller i samarbeid med dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane skal som hovudregel skal skje i regi av Fagskulen i Sogn og Fjordane.
3. Dersom fagskulestyret vurderer at tilbodet ikkje er i samsvar med fagskulen sine strategiar og kompetanse og difor rår at initiativtakarane til å vende seg til andre fagskular eller kompetansmiljø, kan dei vidaregåande skulane vurdere å gjere dette. Det er då ein føresetnad at søknad om godkjenning og eventuell etablering og drift av nye fagskuletilbod skjer i regi av og innanfor dei økonomiske rammene for annan fagskule.

---

**SAK 4/18      Høyring - forslag til ny opplæringsmodell for  
ambulansefaget**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser utfordringar med dei strengare krava til kompetanse og alder i den nye akuttmedisinforskrifta, både i forhold til rekruttering og kostnader. Men med den nye forskrifta innført, gir fylkesdirektøren slik tilråding:

- ambulansefaget blir utvida til opplæringsmodell på fem år
- modellen bør vere 3+2, i staden for 2+3, der Vg3 ambulansefaget skjer i skule, med veksling og tett samarbeid med bedrift
- det bør vurderast å innføre styrke og fysisk form som inntakskrav for dette faget
- lærebedriftene dekker kostnader for førarkort klasse C1 og kompetansebevis for utrykkingskøyretøy (kode 160)

- ambulansefaget bør ha dei same rammene som andre avviksfag, t.d. dataelektronikar- og automatiseringsfaget, og endring i samsvar med dette vil medføre kostnad for eitt år ekstra i skule

-----

**SAK 5/18      Praksisbrevordninga**

**VEDTAK:**

- 1 Ordninga praksisbrevkandidat blir i kokkfaget (RMKOK3----)
- 2 Ordninga blir lagt til Mo og Øyrane vidaregåande skule

-----